



# Referat frå kommunemøte torsdag 29. april 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka og fylkeskommunen.

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Ikkje til stades:** KS, Sivilforsvaret, Eidfjord, Gulen, Lærdal, Osterøy, Samnanger, Stryn, Ullensvang og Voss.

## Innhald

1.	Samtidige hendingar.....	1
2.	Temamøte tilsyn med smittevernreglar - nytt møte 4. mai.....	1
3.	Innreise .....	2
4.	Anti-vaksine e-postar .....	2
5.	Russefeiring og 17. mai .....	3
6.	Vaksine .....	4
7.	Smittevernutstyr.....	5
8.	Epidemiologisk rapport .....	6
9.	Utdanning .....	6

### 1. Samtidige hendingar

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap minner stadig statsforvaltarane om at det er viktig å ha ein beredskap for samtidige hendingar, den siste tida har både flaumfare og skogbrannfare vore nemnt. Vi sender denne påminninga vidare til kommunane. I dei nærmaste dagane er det først og fremst faren for skog- og lyngbrannar som er mest aktuelt.

DSB har sett ekstra beredskap med skogbrannhelikopter, førebels fram til måndag 3. mai.

### 2. Temamøte tilsyn med smittevernreglar - nytt møte 4. mai

Som ei oppfølging av temamøtet på tysdag, om ansvaret kommunane har for tilsyn med smittevernreglane, inviterer vi til eit nytt møte tysdag 4. mai kl. 12.00 - 13.30. Invitasjon er sendt til kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlege, smittevernlege og beredskapskontaktar – i tillegg til deltakarar frå møtet denne veka som vi har fanga opp.

Vi håpar dei fleste som ønskte å delta fekk kopla seg til via Skype eller telefon, etter at vi måtte bytte møteplattform på tysdag. Utfordringane skuldast Microsoft sine problem med Teams denne dagen. Dei tekniske problema førte òg diverre til at vi ikkje fekk gjort opptak slik vi hadde planlagt. Presentasjonar er sendt ut til deltakarane, saman med lenke til nokre spørsmål. Vi håpar at de vil gi tilbakemelding på desse, mellom anna om kva tema de ønskjer vi skal ta opp komande tysdag.



## Statsforvaltaren i Vestland

På møtet neste veke vil m.a. FHI, Nasjonalt kontrollsenter og forhåpentlegvis politiet delta. Vi vil elles ha merksemd på erfaringsdeling frå det konkrete arbeidet med tilsyn. Smitteverninspektørane i Bergen kommune har fått mykje erfaring frå arbeid med oppfølging av tilreisande, og vil dele ein del av desse.

### 3. Innreise

Statsforvaltaren veit ikkje noko meir enn kommunane og publikum generelt om framdrifta i gjenopningsplanen til regjeringa. Viss den positive utviklinga held fram, kan kanskje trinn to setjast i verk i midten eller slutten av mai, og trinn tre kan moglegvis kome i juni.

I fase tre i planen ligg det at det framleis vil vere innreiserestriksjonar, men at det vert opna for meir normal arbeidsinnvandring. Det vil framleis vere karantene og krav om testing. Vaksinepass-/sertifikat kan òg tenkjast å få betydning.

Situasjonen i landa rundt oss vil nok vere med å styre når det skjer endringar, men òg situasjonen innanlands (smittetrykk/vaksine-, test- og karantenekapasitet). Seinast i år vart innreisetiltaka skjerpa for reisande frå Bangladesh, India, Irak, Nepal og Pakistan. Årsaka er den alvorlege smittesituasjonen i India. Dette førte til at vi måtte sende nye beskjedar og forventningar til Bergen kommune om innreisekontrollregimet.

Nasjonale styresmakter arbeider m.a. med ei vurdering av om det er fleire grupper tilreisande som ikkje treng å bu på innreisekarantenehotell, for å spare kapasiteten i desse.

Bergen kommune og alle dei som kommunen samarbeider med, gjer ein omfattande og veldig flott jobb med innreisekontroll. Det omfattar til dømes å administrere innreisekarantenehotellordninga, ha system for testing på flyplassen og drive transport til og frå hotellet. I tillegg er dei pålagt eit stort rapporteringsregime, som gjerne endrar seg frå den eine dagen til den andre. Det er viktig at dei andre kommunane er klar over dette. DSB har sagt til statsforvaltarane at viss omfanget av innreiser vert mykje større, slik at det får konsekvensar for kapasiteten ved innreisekarantenehotella, vil det kunne vere nødvendig å vurdere om andre kommunar må støtte opp om dette. Tilbakemeldingane frå Bergen kommune er at dei vurderer å utvide karantenehotellkapasiteten enno meir, og at arbeidet med anboda startar snart.

### 4. Anti-vaksine e-postar

Vi viser til omtale av dette på førre møte, der vi oppmoda om tilbakemelding viss det er kommunar som opplever å få anti-vaksine e-postar. Bjørnafjorden stadfestar at dei har fått ein del slike. Når det gjeld oppfølging av desse, er vårt råd at dei i alle fall bør journalførast.

Sjølv om vi ikkje kan sjå at Sivilombodsmannen har sagt det, meiner vi at kommunen kan unnlate å svare viss de er trygge på at det er massepost. Det kan t.d. vere når det kjem fleire e-postar med same ordlyd eller frå personar som ikkje har noko tilknyting til kommunen. Slike e-postar må reknast som meiningstringar som ikkje treng svarast ut.



## 5. Russefeiring og 17. mai

Vi har fått nokre spørsmål om arrangement, særleg knytt til russefeiring. Det er eit tema som er veldig aktuelt for tida, og der det fort kan kome fleire spørsmål framover. Vi inviterte derfor Helsedirektoratet til å orientere om reglane og forståinga av dei, og vi har bede politiet om å seie litt om kva policy dei har når det gjeld russefeiring.

### Spørsmål vi har motteke:

- Kommuneoverlege Frode Myklebust, Lærdal/Årdal/Aurland: Når er ei utandørs samling for russen eit privat arrangement og når er det eit kulturarrangement? Er det eventuelt andre nyansar?
- Kommuneoverlege Marit Krannich, Askvoll: Er 17. mai-tog eit arrangement (med mindre enn 200 deltakrar og krav til avstand)? Gjeld det òg barn i barnehage og elevar i grunnskule? Er det forventa at togarealet vert avgrensa med sperreband og at alle tilskodarar vert registrert?

Tilbakemelding frå Helsedirektoratet ved Tuva Norum – 17. mai-tog er vurdert som eit arrangement, med avgrensingar i deltakartal og krav til avstand som følgjer av covid-19-forskrifta. Kommunen må på førehand opplyse om at tilskodarar ikkje skal slutte seg til toget. Kommunane bør oppfordre tilskodarar til å stå i hagar og på balkongar. Det vert ikkje utan vidare tilrådd å å bruke sperreband for å unngå kontaktsmitte.

### Orientering frå Helsedirektoratet ved Kristin Refsdal

Generelt går smittespreiinga ned i Noreg. Situasjonen er likevel sårbar og kan snu fort. Det positive er at ein raskt får kontroll over utbrot. Det er viktig at russen følgjer smittevernråda. Det er utarbeida informasjon til russen på ung.no og FHI sine nettsider. Arrangement er hendingar med risiko for smittespreiing.

### Orientering frå Helsedirektoratet ved Tuva Norum:

Vi har fått mange spørsmål om russefeiring, arrangement og russebussar. Reglane i covid-19-forskrifta § 13 gjeld for alle arrangement.

Festar og samlingar for russen som kjem i stand fordi nokon har invitert, annonsera eller på annan måte organisert det, er å forstå som eit arrangement etter § 13. Ei meir tilfeldig samling der russ møtest t.d. i ein park, eller at russebussar tilfeldigvis møtest, fell utanfor definisjonen av «*arrangement*». Definisjonen avgrensar òg mot samlingar i private heimar.

Det som er felles for «private sammenkomster» etter § 13 f, er at det må vere ein tydeleg invitasjon og organisering. Organiserte festar for russen vil såleis kunne omfattast.

På private arrangement ute er det lov med 20 personar. Viss festen blir arrangert i eit partytelt, blir det vurdert som innandørs viss teltet har veggar (då er det berre lov med 10 personar).

Døme på kulturarrangement etter § 13 b kan vere viss russen leiger inn underhaldning (eit band, ein stand-up komikar eller liknande). Det kan og sjåast på som eit kulturarrangement viss russen sjølv står for ein del av innslaga.

I råda frå FHI blir det oppfordra til å vere saman i mindre grupper. Det er òg eit råd at russen bør reise til ein annan stad viss det er mange til stades på ein plass.



## Orientering frå Kjetil Øyri, Vest politidistrikt:

Dette kan vere eit krevjande landskap å navigere i. Det er mykje skjønn og vurderingar når det gjeld kva type arrangement ein står overfor. Rolla til politiet er å følgje opp regelverket og bidra til å førebyggje smitte. Politiet har oppsökjande verksemd, gjev råd og rettleiing. Straffereaksjon kana vere aktuelt på dei klare grove tilfella, det vil og gjelde for russen.

Statsforvaltaren viser elles til regjeringa si pressemelding "Nasjonaldagsfeiringen 17. mai 2021" av 22. april, som gir god rettleiing:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nasjonaldagsfeiringen-17.-mai-2021/id2845485/>

Spørsmål frå Bjørnafjorden kommune: Kva forventningar er det til tilsyn med private arrangement på offentleg stad; kva er politiet si rolle?

Statsforvaltaren viser til handboka frå FHI, der det i trinn ni står ein del om tilsyn. Tilsynsansvaret som kommunane har omfattar òg arrangement. Som vi snakka om på møte om tilsyn med smittevernreglane på tysdag, kan det vere aktuelt å bruke fleire av verkemidla – både rettleiing og tilsyn. Handboka peiker på at det i graverande tilfelle kan vere aktuelt å stoppe ei verksemd viss det ikkje har ført fram å rettleie arrangøren.

<https://www.fhi.no/nettpub/overvaking-vurdering-og-handtering-av-covid-19-epidemien-i-kommunen/ti-trinn2/9.-tilsyn/i>

Kommentar frå Vest Politidistrikt ved Kjetil Øyri: Det er ein terskel for at det blir eit politioppdrag, det gjeld òg andre arrangement.

## 6. Vaksine

Vi vil kort nemne nokre høgdepunkt frå den siste veka med omsyn til vaksinasjon (ein del er nok allereie kjent for mange, mellom anna fordi det var omtalt i informasjonsbrev nr. 19 som kom fredag førre veke).

### Vaksinering med ulike typar vaksinar

Regjeringa tok den 23. april avgjerd, etter anbefaling frå FHI, om at personar som har fått første dose AstraZeneca skal ha mRNA-vaksine som andre dose. Kommunane får ekstra dosar til dette, og vil få nærmere informasjon frå Vaksineforsyninga.

Det går føre studiar på kombinasjon av ulike koronavaksinar, og det er venta svar frå desse i byrjinga av mai. Det er ikkje rapportert om risiko ved å blande ulike vaksinar. Virusvektorvaksinar og mRNA-vaksinar stimulerer begge antistoffproduksjon mot det same spike-proteinet frå viruset, sjølv om dei byggjer på ulike teknologiar. Det er heller ikkje planar om ein tredje dose for å få to dosar av same mRNA-vaksine. To dosar til saman er tilstrekkeleg for fullvaksinasjon, men det kan kome behov for tredje dose på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld overskot av AZ-vaksinar i kommunane, må vi vente på avgjerd frå regjeringa si ekspertgruppe med omsyn til kva som skjer med desse.

### Vaksinering av helsepersonell

Grunna levering av eit høgare tal vaksinedosar no, ber FHI om at kommunane brukar ca. 10 % til helsepersonell, slik at talet dosar blir omrent det same. Det er framleis berre essensielt og kapasitetskritisk helsepersonell som skal vaksinerast, og i mange kommunar er denne dekninga no god. Det vil være aktuelt å vaksinere ferievikarar i den neste fasen av helsepersonellvaksinering, men FHI seier dei vil kome med nærmere rettleiing kring dette i nær framtid.



## Vaksinering i sommarferien

Kommunane må førebu seg på å få vaksiner kvar veke gjennom sommaren. I sommarmånadene er det venta 2-3 gonger så mange vaksiner som det de får no. FHI vil kommunisere nasjonalt at innbyggjarar må førebu seg på å bli kalla inn til vaksinering i sommarferien, og det er viktig at dette òg bli kommunisert tydeleg i kvar enkelt kommune. FHI vil mot slutten av juni prøve å informere om tal dosar til kvar kommune for kvar veke i heile juli. Målet er at opplegget for vaksinering gjennom sommaren skal bli mest mogleg føreseieleg.

## Nytt informasjonsmateriell

FHI har laga og oppdatert nytt informasjonsmateriell til bruk for kommunar og helseføretak, mellom anna brosjyre om koronavaksine, som òg er tilgjengeleg for høyrselshemja og ein versjon for sosiale media. Meir informasjon finn de i informasjonsbrev nr. 19 eller i koronavaksinasjonsrettleiaren.

## Barn

Det er ingen planar om vaksinasjon av barn i nær framtid, det er ei grundig vurdering som FHI skal gjere i sommar og haust. Per i dag er ingen vaksiner godkjende for barn.

## Gjestearbeidarar

Viss gjestearbeidarar som oppheld seg i Noreg over lengre tid skal ha dose to, må det vere sikker informasjon med omsyn til at dose éin er gitt. FHI meiner likevel at vi må halde oss til den nasjonale vaksinestrategien, slik at desse uansett ikkje vil få tilbod om dose to før kommunen er kome til den gruppera vedkomande høyrer til i.

## Vaksineutstyr

Helsedirektoratet sa tidlegare i veka at dei hadde sendt ut questback til kommunane med moglegheit for å bestille supplerande vaksineutstyr, med frist i dag. Vi veit til dømes at nokre kommunar har hatt litt lite grøne og blå kanylar. Helsedirektoratet bestiller utstyr basert på svara dei får, difor kan dei ikkje garantere at alle får alt utstyr dei ønskjer seg viss mange svarer seint på questback. Dei minner òg om at det er veldig viktig at kommunane syter for at kontaktpersonen dei har registrert er tilgjengeleg på e-post og telefon, då Posten/Bring kontaktar vedkomande før levering.

## 7. Smittevernutstyr

Helsedirektoratet informerte i går om at det er stadig færre kommunar som rapporterer inn lagerstatus og forbruk av smittevernutstyr, men at dei som rapporterer ikkje ser ut til å mangle utstyr. Likevel er det relativt lite hanskar på den internasjonale marknaden samanlikna med ein normalsituasjon, noko som skuldast mangel på råstoff til produksjon av lateks- og nitrilhanskar. Hdir ber kommunane om å bruke vinylhanskar der dette er mogleg, og å ha eit bevisst forbruk av hanskar det er knappheit på.




## 8. Epidemiologisk rapport

Vestland

	Uke 12	Uke 13	Uke 14	Uke 15	Uke 16
Antall tilfeller per uke	273	295	303	308	226
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dager	86,7	88,9	93,6	95,6	83,6
Antall personer testet per 1 000 per uke	36,8	22,9	25,6	24,2	23,0
Andel positive blant de testede per uke	1,2%	2,0%	1,8%	2,0%	1,5%
Andel kommuner med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dager	7/43	7/43	5/43	7/43	6/43
Andel vaksinerte blant personer 65 år og eldre (minst en dose) – totalt	38%	44%	58%	72%	83%

Vurdering av smittesituasjonen i landets fylker, uke 15 – 16



Frem til og med uke 15 har det vært en svak økning i antall meldte tilfeller i Vestland, men i uke 16 har antallet tilfeller gått ned. Situasjonen i fylket de siste to ukene reflekterer i stor grad situasjonen/antall tilfeller i Bergen hvor det har vært flere utbrudd i ulike miljø, knyttet til sosiale sammenkomster i tillegg til flere utbrudd i skoler og barnehager. Antall personer testet gikk noe ned fra uke 15 til uke 16, og andel positive blant personer testet har også gått ned.

- Detaljert oversikt i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)
- Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>
- Fylkeslegen si vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderinger/>

## 9. Utdanning

### Eksamens

Meir informasjon knytt til avvikling av eksamen kjem i løpet av få dagar.



### Utsette barn og unge

Statsforvaltaren inviterte i veke 15 og 16 kommunane til møte om utsette barn og unge. Vi hadde i alt sju møte, der kommunane var representerte med barnehage, skule, PP-teneste, barnevern og skulehelseteneste. Bakgrunnen for møta er den nasjonale uroa for kva følgjer eit år med smitteverntiltak har hatt for tenestetilbodet til barn og unge.

I tillegg til å drøfte konsekvensar av pandemien for tilbod og tenester til barn og unge i kommunen, vart det drøfta korleis kommunane sikrar at dei har eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med utsette barn og unge. Vi etterspurde og tilbakemeldingar om korleis informasjonen mellom stat og kommune har fungert gjennom pandemien. Vi har no samanfatta tilbakemeldingane frå kommunane, og vil dele oppsummeringa med kommunane og styresmakter på nasjonalt nivå.

Oppsummeringa ligg ved referatet.